



**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**

Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2022-2024





**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**

Musea i Sogn og Fjordane

Gota 16, 6823 Sandane

telefon: (+47) 99 09 47 77

post@misf.no

Musea i Sogn og Fjordane:

Astruptunet

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Eikaasgalleriet

Kvernsteinsparken

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Nordfjord Folkemuseum

Norsk Reiselivsmuseum

Sogn fjordmuseum

Sogn kunstsenter

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sunnfjord Museum

Vågsberget

Innhald

1. Bakgrunn	4
1.1 Mål for forskingsplanen	4
1.2 Organisering av arbeidet	5
2. Status og utgangspunkt for forskning ved MiSF 2021	5
3. Tre hovudmål og tiltak for planperioden:	6
3.1 Auke den formelle forskarkompetansen ved MiSF	6
3.2 Stimulere til auka forskingsaktivitet på tvers av arenaer og avdelingar	6
3.3 MiSF skal til ein kvar tid ha tilsette som deltek i eksterne forskingssamarbeid/-prosjekt ..	7
4. Tematiske satsingsområde og utarbeiding av ein felles forskningstradisjon ved MiSF	7
4.1 Tematiske satsingsområde	7
4.1.1 Kystkultur	8
4.1.2 Menneske og naturen	9
4.1.3 Mangfald	9
4.2 Ein felles forskningstradisjon ved MiSF	10
5. Infrastruktur for forskinga ved MiSF	10
5.1 Forskingskoordinator i planperioden	11
5.2 Forskingsformidling	11
5.3 Forskingsetiske retningslinjer for MiSF	11
5.3.1 Forskingsetiske retningslinjer	11



1. Bakgrunn

Forskning er ein del av musea si kjerneverksemd, nedfelt som ein av dei fire F'ane for «framtidens museum» (St.meld. nr. 49 (2008-2009)). Forskning vart stadfesta som ei vesentleg oppgåve for musea seinast i den ferske museumsmeldinga «Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid» (Meld. St. 23 (2020-21)).

I *Strategiplan 2018-2021* for Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) er forskning løfta fram som ei av dei sentrale oppgåvene for museet: «Forskning og kunnskapsutvikling ved Musea i Sogn og Fjordane er eit naudsynt fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling» (s. 17). Det er vidare eit hovudmål at «Musea i Sogn og Fjordane skal innrette forskinga slik at vi kan vise fram musea sin unike posisjon som kunnskapsprodusent» (s. 18). Etablering av forskingsplan er ført som delmål 2.3.1 i strategiplanen. Grunna i anna planarbeid vart arbeidet med å utarbeide forskingsplan utsett til 2021-2022.

1.1 Mål for forskingsplanen

Det er ei målsetting at forskingsplanen skal vera eit anvendeleg styringsverktøy for det langsiktige forskingsarbeidet ved MiSF, og for utforming av årlege handlingsplanar. Forskingsplanen må vera egna til å innrette forskinga på måtar som kjem heilskapen i verksemda i museet til nytte, og som kan synleggjere museet som kunnskapsinstitusjon eksternt. Forskingsplanen skal identifisere tiltak som er føremålstenlege for å oppnå positiv utvikling på dei områda som musea vert vurdert på av styresmaktene. Forskingsplanen har i denne planperioden som hovudmål å leggje til rette for forskingsaktivitet og å heve forskingskompetansen ved MiSF. Deretter er det eit overordna mål at forskinga ved MiSF på sikt skal kome på høgde med forskning i universitets-, høgskule- og instituttsektoren.

Forskingsplanen skal reflektere den nye organisasjonsstrukturen ved Musea i Sogn og Fjordane, der kunnskap vert utvikla og nyttegjort på tvers av museumseiningane. Forskingsplanen skal utvikle særlege tiltak for tilsette med forskning som del av stillinga, men er ikkje avgrensa til desse stillingsgruppene.

Planperioden for forskingsplanen er satt til 2022 og ut 2024. Dette er ein relativt kort planperiode som vil gå parallelt med eit større tverrinstitusjonelt forskingsprosjekt for dei fleste musea i Vestland fylke. Forskingsprosjektet «Forskingsinfrastruktur for musea i Vestland» har som målsetting å etablere eit robust og prosjektuavhengig forskingsmiljø på tvers av musea i regionen. Målet med prosjektet er å auke forskingsaktivitet, styrke forskningssamarbeid mellom musea og med UH-sektoren, og å leggje til rette for å auke forskingskompetanse gjennom individuelle og institusjonelle tiltak. Føremålet med denne forskingsplanen er difor å styrke forskarkompetanse i MiSF internt og å aktivt ta del i dei ulike tiltaka og arrangementa «Forskingsinfrastruktur for musea i Vestland» legg opp til i planperioden. Dette er mellom anna skriveseminar og forskingsseminar der tilsette ved dei ulike musea får høve til å delta og leggje fram sine prosjekt for fagfellar.

Forskingsplan for MiSF 2022-2024 inneheld:

- Mål for forskning og kompetanseutvikling
- Tema for forskning/forskningsområde
- Infrastruktur for forskning ved MiSF, tilrettelegging og organisering



Ved utgangen av planperioden vert det lagt opp til å ha ei evaluering av forskingsplanen for å vurdere kva slags mål og tiltak som fungerer og kan vidareførast og kva slags mål og tiltak det er behov for å revidere.

1.2 Organisering av arbeidet

Arbeidsgruppa for forskingsplanen:

- Therese Nasset, konservator (gruppeleiar)
- Martine Due Sivertsen, konservator
- Kristine Ness, konservator

Avdelingsdirektør er orientert om framdrifta i samband med møte i Samlingsforvaltning og forskning (kvar tredje veke), og vert invitert på møter i arbeidsgruppa når forslag til mål, tiltak og forskingsområde vert drøfta.

Utkast til forskingsplan er drøfta på avdelingsmøte i avdeling for forskning og bevaring, og vidare sendt på høyring til alle tilsette i organisasjonen.

2. Status og utgangspunkt for forskning ved MiSF 2021

I *Rapport Strategiplan 2018-2021 Delmål forskning* for MiSF vart det sett opp mål og tiltak, og i perioden for strategiplanen (2018-2021) er desse tiltaka gjennomført:

- Gjennom omorganiseringa av MiSF er det oppretta Avdeling for forskning og bevaring (FoB) der forskingsarbeid er ein integrert og formalisert del av avdelinga sine arbeidsoppgåver.
- Stillingsinstruksar til vitskapleg tilsette jamstiller forskingsansvar med andre ansvarsområde
- Kulturrådet løyvde midlar til det tverrinstitusjonelle forskingsprosjektet «Forskningsinfrastruktur ved musea i Vestland» med prosjektleiar tilsett ved MiSF
- Formalisert rolle som forskingskoordinator

MiSF hadde i 2018 12 tilsette med forskarkompetanse, etter KUD sine kriterium «Tilsette med doktorgrad» (2 tilsette), «Tilsette med autorisasjon som konservator NMF (Norges museumsforbund)» (8 tilsette) og «Tilsette med autorisasjon som førstekonservator NMF (Norges museumsforbund)» (3 tilsette). Dette inkluderte fleire av avdelingsdirektørane/-leiarane (5 av 7), som grunna administrative oppgåver hadde avgrensa tid til forskning. Talet på tilsette med forskarkompetanse dannar grunnlaget for Kulturrådet si vurdering om tal på publikasjonar står i samsvar med forventningane.

I 2021 hadde MiSF 6 tilsette med forskarkompetanse, etter KUD sine kriterium «Tilsette med doktorgrad» (1 tilsett), «Tilsette med autorisasjon som konservator NMF (Norges museumsforbund)» (4 tilsette) og «Tilsette med autorisasjon som førstekonservator NMF (Norges museumsforbund)» (2 tilsette).

Talet på tilsette med forskarkompetanse har gått ned sidan 2018. Dette skuldast hovudsakleg eit generasjonsskifte der fleire med forskarkompetanse gjekk av med pensjon i perioden og fire nye konservatorar er tilsett. Difor er eitt av tre hovudmål for perioden 2022-2024 å leggje til rette for å auke talet på tilsette med forskarkompetanse. Det andre hovudmålet er å stimulere til lågterskel



forskningsaktivitet og auke publiseringraten internt ved MiSF, og det tredje hovudmålet er å leggje til rette for eksternt forskingssamarbeid.

Forskningsarbeidet ved MiSF tek sikte på å vera ein integrert del av museumsdrifta med særleg utgangspunkt i samlingane museet forvaltar. MiSF er eit konsolidert museum som forvaltar ti ulike kunst- og kulturhistoriske samlingar som fram til konsolideringa baserte seg på eigne innsamlingsprosedyrar og -strategiar. Eit føremål med forskingsplanen er å bidra til å skape perspektiv for å aktivisere og sjå dei ulike samlingane i relasjon til kvarandre, til historia og til framtida til det gamle fylket. For eit oversyn over samlingane og historikken deira, sjå *Samlingsforvaltingsplan for Musea i Sogn og Fjordane 2021-2024*.

3. Tre hovudmål og tiltak for planperioden:

Dei tre hovudmåla for forskningsaktiviteten ved MiSF 2022-2024 tek utgangspunkt i å vidareføre måla og tiltaka som vart formulert i *Rapport Strategiplan 2018-2021 Delmål forskning*. Mål som vart nådd i perioden 2018-2021 legg føringar for vidare arbeid innanfor desse aktivitetane, medan mål som ikkje vart nådd har fått nye tiltak som er tilpassa situasjonen og den nye organisasjonsstrukturen ved MiSF. Dei tre hovudmåla og tiltak er:

3.1 Auke den formelle forskarkompetansen ved MiSF

- 1) Alle konservatorar skal innan avslutta planperiode ha opparbeida seg erfaring og nok publikasjonar til å kunne søke autorisasjon NFM
 - a. Konservatorane skal i samråd med avdelingsdirektør/forskningskoordinator lage individuelle planar for å få autorisasjon NFM
 - b. 'Pilotprosjekt forskningstid': Konservatorar får ansvar for å setje av ca. 20 % arbeidstid til forskning i planperioden. Etter planperioden skal ordninga vurderast og eventuelt formaliserast.
 - i. Konservatorar kan i samråd med avdelingsdirektør planlegge korleis dei ynskjer å ta ut sin forskningstid, men dette lyt gå inn i årsplanen for den einskilde. Dersom ein ynskjer å ta ut ein lengre, samanhengande periode til forskning må forvaltingsretta arbeidsoppgåver fordelast på dei andre konservatorane
- 2) Det skal leggjast til rette for at konservatorar og andre tilsette med forskning som del av stillingsinstruks kan ta fag for å auka forskarkompetansen
 - a. Universitetet i Bergen har fag som er særleg retta mot å auke forskarkompetansen til museumstilsette (til dømes MUSE620)
- 3) Leggje til rette for moglegheit for å ta doktorgrad, permisjon og delfinansiering

3.2 Stimulere til auka forskningsaktivitet på tvers av arenaer og avdelingar

- 1) Tre tematiske satsingsområde er formulert basert på forskningsinteresser hjå konservatorar og museumsleiarar/arena (sjå avsnitt 4).
 - a. Desse satsingsområda skal fungere og bli organisert som interne forskingsklynger i planperioden
 - b. Ein person innanfor kvar klynge får eit koordinerande ansvar for oppstart av klynga, deretter vil kvar klynge kunne leggje opp eiga løp
 - c. Dei tematiske satsingsområda har tre hovudføremål:



- i. Å samle kompetanse og leggje opp til seminar og workshops for å dele og få tilbakemeldingar på eigne forskingsprosjekt
 - ii. Å leggje til rette for å starte opp interne forskingsprosjekt og/eller sampublisering
 - iii. Å aktivisere samlingane ved MiSF og løfte desse fram i forskingssamband
 - d. Forskarklyngene kan fungere som faglege referansegrupper til formidlings-/utstillingsprosjekt
- 2) I planperioden skal mogelegheita for at tilsette kan søke 10%-midlar bli utgreia. Ei slik ordning kan vera:
 - a. Tilsette som ikkje er konservatorar kan sende inn søknad om 10%-midlar til forskingskoordinator og avdelingsdirektør
 - i. Det lyt i så fall bli sett av midlar i ein pott for slike søknadar
 - b. Ved godkjend søknad vil 10% av arbeidstid innanfor oppgitt periode vere forskningstid
 - i. Det lyt avklarast på alle avdelingar korleis ei slik ordning kan organiserast m.o.t. arbeidskapasitet og arbeidsfordeling
 - c. Søknaden skal innehalde ei projektskildring, tidsplan og plan for resultat/type publikasjon/publiseringsskanal
- 3) Kwart år i planperioden skal det produserast to vitenskapleg (fagfelleverderte) publikasjonar pr. tilsett med forskingskompetanse (KUD). Dette talet baserer seg på korleis KUD måler forskingsaktivitet i museumssektoren, og talet på publikasjonar skal fordelast på alle tilsette ved MiSF
- 4) Forskingskompetansen til dei tilsette må synleggjerast på MiSF sine nettstadar, og forskingsaktivitetar inkluderast i MiSF sin strategi for sosiale media og kommunikasjon med omverda

3.3 MiSF skal til ein kvar tid ha tilsette som deltek i eksterne forskingssamarbeid/-prosjekt

- 1) Ein føresetnad for dette målet er å innfri dei to føregåande måla slik at MiSF vert ein attraktiv samarbeidspartnar
- 2) Bidra aktivt inn i prosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland»
- 3) Kvar konservator skal halde fagleg innlegg på minst ein relevant konferanse/seminar kvart år
- 4) Avdeling FoB skal til ei kvar tid vere aktive i eit formalisert FoU-samarbeid med eksterne partar
- 5) Etablere rutinar for å godkjenne og evaluere FoU-prosjekt i regi av MiSF

4. Tematiske satsingsområde og utarbeiding av ein felles forskningstradisjon ved MiSF

4.1 Tematiske satsingsområde

Kulturdepartementet ynskjer at musea skal ta ei enno tydelegare rolle som kunnskapsinstitusjonar knytt til forskning, immateriell kulturarv, kulturelt samspel og kritiske perspektiv (s. 2, Meld. St. 23 (2020-21)). Som ledd i dette er det formulert tre faglege satsingsområde for planperioden som skal fremje forskingsaktivitet ved MiSF. Denne aktiviteten



skal også relatere seg til immateriell kulturarv, kulturelt samspel og kritiske perspektiv. Det er også eit ynskje om å leggje til rette for forskingsrelatert samarbeid på tvers av dei nyoppretta avdelingane og arenaer. Det vart difor sendt ut ein førespurnad (d. 08.12.2021) til konservatorar, museumsleiarar og avdelingsdirektørar for å kartleggje individuelle forskingsinteresser og forskingsinteresser på dei ulike arenaene (innan 31.12.2021). Kartlegginga syner at det er eit stort potensiale for forskningssamarbeid ved MiSF på tvers av avdelingar, arenaer og fagområde. Dei tre tematiske satsingsområda – og bakgrunnen for val av desse – baserer seg på dei innmeldte tema og på satsingsområde trekt fram i museumsmeldinga.

Dei tematiske satsingsområda har eit særleg potensiale til å løfte fram delar av MiSF sine samlingar. Difor har også satsingsområda ein tydeleg samlingsforvaltingsprofil, der ein gjennom datainnsamling også vil gjera grunnleggjande registreringar av samlingane der det er behov for dette. MiSF har til dømes ein omfattande tekstilsamling lokalisert ved dei ulike arenaene, som kan bli aktualisert opp mot fleire av dei tematiske satsingsområda. Alle tre satsingsområda har også høg relevans for den pågåande og framtidige formidlinga og formidlingsprosjekt ved MiSF, jf. mellom anna *Formidlingsplan for Musea i Sogn og Fjordane 2021-2023*.

Dei tre satsingsområda for MiSF er presentert i det følgjande:

4.1.1 Kystkultur

Kystkultur er her meint å inkludere både kyst- og fjordkultur. Dette er eit breitt tema og det er difor ynskjeleg å avgrense forskinga ved MiSF i planperioden til dei **utåtvente aspekta ved kystkultur**. Det vil seie kontakt- og handelsnettverk og kommunikasjon (ulike formar for transport og transportmidlar) og korleis dette kjem til syne i levesett og kulturelle uttrykk ved fjord og kyst. Tema knytt til kystkultur og verdiskaping, livsgrunnlag og industri vil kome inn under neste tema 'Menneske og naturen'.

Kystkultur vart også trekt fram som satsingsområde i museumsmeldinga (s. 14, Meld. St. 23 (2020-21)). Satsingsområdet har vidare høg relevans for forvaltings- og formidlingsarbeidet ved MiSF. Dette gjeld særleg for Kystmuseet i Sogn og Fjordane som har ei stor samling som relaterer seg til kystkultur generelt, og det tematiske satsingsområdet for MiSF spesielt. I 2021 fekk MiSF løyve om midlar slik at vernebygget til Holvikejekta ved Nordfjord Folkemuseum er fullfinansiert. Pågåande forskning på Holvikejekta vil bidra til å løfte fram kunnskapen om jektefarten på Vestlandet, som også knyter seg til satsingsområdet. MiSF har tilsette som er aktive medlem av det nasjonale museumsnettverket Fiskerihistorie og kystkultur.

Den nordiske klinkbåttradisjonen vart sett på UNESCO si verdsarvliste over immateriell kulturarv i desember 2021.¹ MiSF har ein stor båtsamling som vart registrert gjennom eit større kartleggingsprosjekt for musea i Vestland haust og vinter 2021/2022. Fleire av MiSF sine båtar er ulike klinkbåtar med lokale røter i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. I tillegg er Holvikejekta klinkbygd. Det omfattande kartleggingsprosjektet har potensiale til å danne eit empirisk grunnlag for å løfte fram båtsamlinga til MiSF i samband med forskingsaktivitet, med vekt på ulike lokale klinkbåttradisjonar.

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum planlegg å fornye utstillinga ved Fjordmuseet i løpet av planperioden. Ein kan tenke seg at klynga som arbeider med kystkultur kan fungere som

¹ <https://www.kulturradet.no/web/guest/museum-kulturarv/vis-artikkel/-/nordisk-battradisjon-innskriven-pa-eksklusiv-liste-over-verdas-kulturarv>



fagleg referansegruppe i denne prosessen, og til andre utstillings- og formidlingsprosjekt knytt til kystkultur. MiSF har fleire besøksarenaer der denne kunnskapen kan bli nytta i formidlingsaktivitetane, t.d. Vågsberget handels- og gjestgjevarstad og Kvernsteinsparken.

4.1.2 Menneske og naturen

'Menneske og naturen' omfattar tema knytt til kulturlandskap, berekraft og klima, og ulikt ressursuttak. Tema reflekterer korleis menneske har nytta og utnytta naturressursar og forma sine lokale landskap gjennom tidene. Dette har dei ulike musea ved MiSF særskilt potensiale til å løfte fram i forskningssamanheng. Tema er breitt, og satsingsområdet er difor avgrensa til å ta føre seg **kva slags verdi kunnskap og formidling om tradisjonelle formar for landskapsbruk har for dagens samfunn, med særleg vekt på berekraft.**

Som museum har MiSF potensiale til å auke kunnskapen og presentere nye perspektiv om sambandet mellom menneske og naturen før industrialiseringa av ressursutnytting. Tema relaterer seg såleis dels til FN sine berekraftsmål som mellom anna siktar seg inn på å verne, rette opp att, og å fremje berekraftig bruk av ulike økosystem, både på land og i hav.² MiSF har kulturhistoriske samlingar, kunst, kulturlandskap og levande samlingar, og samlingar knytt til immateriell kulturarv som syner ulike aspekt av tilhøvet mellom menneske og natur i eit langtidsperspektiv. Det er mellom anna samlingar knytt til tradisjonell jordbruksdrift, båtar og fiskereiskap, kvernsteinsbrot, og kunstsamlinga ved Astruptunet. Det er eit utfordrande mål å aktivisere og å sjå dei ulike samlingane – og fagområda desse representerer – i ein samanheng, og å gjere desse relevante i dag.

'Menneske og naturen' heng saman med andre forvaltings- og formidlingsaktivitetar som går føre seg ved MiSF i planperioden. Tema 'Natur' er valt som Sogn og Fjordane kunstmuseum sitt satsingsområde for 2023. I tillegg er MiSF ansvarsmuseum for det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap. I 2021/2022 vert det gjennomført eit større kartleggingsprosjekt ved MiSF for å avklare satsinga på kulturlandskap ved museet. Kartleggingsprosjektet har sett vurderinga av ulike kulturlandskap ved museet på agendaen. Det nasjonale kulturlandskapsnettverket er også i gang med å vidareføre eit prosjekt om korleis kulturlandskap og levande samlingar skal registrerast i Primus.

Kulturdepartementet ynskjer å styrke arbeid knytt til handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv (s. 2-3, Meld. St. 23 (2020-21)). MiSF arbeider med immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap særleg innanfor tradisjonell jordbruksdrift (frå kring 1850), bygningsvern, tradisjonar knytt til båtar og havbruk, og produksjon av kvernstein. Dette er særleg relevant for satsingsområdet 'Menneske og naturen' og det er ei målsetting å ta i bruk denne kompetansen i samband med forskning. I tillegg arbeider MiSF aktivt med å ta vare på segn, forteljingar og munnlege tradisjonar som mellom anna har koplingar til naturen. Immateriell kulturarv er vidare eitt av tre satsingsområde lista opp i *Formidlingsplan for Musea i Sogn og Fjordane 2021-2023*.

4.1.3 Mangfald

I samband med kartlegginga av forskingsinteresser ved MiSF vart det meldt inn fleire tema som på ulike måtar relaterer seg til 'mangfald'. Mangfald er eit omgrep med ulike tydingar, og i forskingsplanen legg vi oss tett opp til tydinga i dei kulturpolitiske meldingane og tilskotsbrev fra

² <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>



Kulturdepartementet. Mangfald peiker her særleg på arbeid med å inkludere samfunnsgrupper som er underrepresenterte, og vidare å sikre deltaking i og tilhøyrse til kunst- og kulturlivet for alle ubunde av til dømes kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne og/eller kulturell, sosial og økonomisk bakgrunn og bustad. Mangfald kan slik sjåast som ein invitasjon til kritiske undersøkingar av kva som skapar og opprettheld makttilhøve i samfunnet. I dette ligg også ei oppmoding om eit kritisk perspektiv på museet som kulturarvsforvaltar og -formidlar og ei medvit om dei mogelege «blindsonene» som musea bidreg til å reprodusere og vidareformidle.

I planperioden vil vi ha **særleg satsing på sosial ulikskap, kjønn og kultur møte**. Sosial ulikskap omfattar mellom anna marginalisering og utanforskap, fattigdom og sosial mobilitet, og ulike forståingar av «den andre» - tema som både kjem til uttrykk både historisk og i samtida. Tema kjønn peikar både på korleis førestillingar om kjønn påverkar handlingsrommet til den einskilde, korleis eitt kjønn blir «norma» som andre vert målt opp mot eller kjem i skuggen av, og korleis seksualitet og kjønnsidentitet har vore og stadig er i endring. Med tema kultur møte ønskjer vi særleg å løfte fram korleis slike møte, mellom by og land, minoritet og majoritet, på tvers av landegrensene osv. har påverknad på materiell og immateriell kultur.

Mangfald er eitt av tre satsingsområde lista opp i Formidlingsplan for Musea i Sogn og Fjordane 2021-2023.

4.2 Ein felles forskingstradisjon ved MiSF

Gjennom planperioden er det ynskjeleg å utgreie kva slags forskingstradisjon og teoretisk perspektiv forskinga ved MiSF skal rette seg etter. Målet er å etablere eit forskingsmiljø som dannar ei ramme kring forskingsspørsmål, faglege interesser og teoretiske posisjonar. Dette forskingsmiljøet utgjer ikkje berre eit kollegialt fellesskap, men har også vitskapsteoretiske konsekvensar. Dette skal syte for at MiSF også får ein tydeleg forskingsprofil. Til dømes vil ei satsing på kjønn som tema gjere det naudsynt å avklare kva for kjønnssteoretisk perspektiv som ligg til grunn.

Mykje av forskinga ved musea tek utgangspunkt i gjenstandssamlingane, og det er eit mål å auke medvitet om dei metodiske perspektiva vil legg til grunn og korleis desse har påverknad på våre analysar. Her vil det også vere eit mål å undersøkje kva slags tilnærming til materiell kultur museet kan bidra med, og slik aktualisere samlingane som vår forskingsmessige «kapital». Eit døme kan vere å tydeleggjere eit «nedanfrå-perspektiv» der kvardagsliva til vanlege menneske kjem til syne gjennom deira materielle kultur og materielle kulturelle uttrykk.

5. Infrastruktur for forskinga ved MiSF

Kvart tematiske satsingsområde skal organiserast som ein intern forskingsgruppe. I oppstarten til planperioden vil det bli oppnemnd ein person som får ansvar for oppstart. Deretter er det opp til den einskilde gruppe korleis dei ynskjer å organisere seg.

Innanfor dei tematiske satsingsområda er det ynskjeleg å leggje til rette for lågterskel presentasjon av eigne forskingsprosjekt, leggje opp til sampublisering av vitskaplege artiklar eller større bokprosjekt, og ein kan ha seminar og workshopar. I samband med forskingsprosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland» vert det arrangert ulike forskingsseminar og skrivesamlingar som deltakarane i dei ulike tematiske satsingsområda kan søke om å delta på.



5.1 Forskingskoordinator i planperioden

MiSF har formalisert rolla til forskingskoordinator, som er ei rolle som går på verv. Det er ynskjeleg at personen som har vervet har førstekompetanse/doktorgrad. I løpet av planperioden vil noverande forskingskoordinator vera delvis frikjøpt til eiga forskingsprosjekt. Plangruppa for forskingsplanen foreslår difor å delvis supplere rolla til forskingskoordinator med interne forskingsseminar. Føremåla med forskingsseminara vil vere å gje grunnleggjande informasjon om forskning ved museet. Publikasjonskanalar, rettleiing for sampublisering og artikkelskriving m.m. er aktuelt her. Eit internt forskingsseminar bør arrangerast i starten av planperioden.

5.2 Forskingsformidling

I løpet av planperioden vil det bli aktuelt med forskingsformidling. Musea er privilegerte og har dei fysiske museale kanalane, som utstillingar, undervisningsopplegg og andre formidlingsarrangement, som arenaer for forskingsformidling. Dette vil vera den viktigaste arenaen MiSF tek i bruk til forskingsformidling, i tillegg til vanlege publikasjonskanalar. I tillegg vil det bli lagt opp til forskingsformidling på interne møter og seminar.

Det vil også bli lagt opp til forskingsformidling over nett, både gjennom sosiale medium og gjennom dei nye nettsidene (2022) til MiSF. Her er det ynskjeleg å evaluere mogelegheitene for ein 'forskarblogg' der forskingsresultat, publikasjonar og ulike 'case' frå forskinga ved MiSF vert presentert. Oppretting og oppfølging av ein potensiell forskarblogg i tilknytning til nettsidene vil bli evaluert i løpet av planperioden.

5.3 Forskingsetiske retningslinjer for MiSF

Forskingsarbeidet i MiSF, og bruken av dei resultata som følgjer slikt arbeid, skal rette seg etter dei museumsetiske retningslinjene til ICOM (International Council of Museums, <http://norskicom.no/det-etiske-regleverk/>) og NESH (Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora, <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>).

5.3.1 Forskingsetiske retningslinjer

Desse interne etiske retningslinjene tek sikte på å gje eit oversyn over problemstillingar og utfordringar knytt til forskningsetikk. Oversynet gjev generelle føringar med føremål om at det kontinuerleg vert utført etiske vurderingar, aukar medvit kring etiske problemstillingar, og hindrar mogeleg uetisk åtfærd ved forskingsaktivitet i museet.

Omgrepet forskningsetikk syner til eit breitt sett av lovverk, standardar, verdiar og institusjonelle ordningar som bidreg til å konstituere og regulere forskingsverksemd på individ- og institusjonsnivå. Desse inkluderer ærlegdom i forskning så vel som ansvar ovanfor kollegaer, andre menneske, dyr, miljøet og samfunnet elles.

Alle tilsette som produserer eller brukar forskingsresultat, bør vera kjend med dette dokumentet og er venta å handle deretter. Ifølgje Lov om organisering av forskningsetisk arbeid³ skal

³ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-04-28-23>



arbeidsgivar sørge for at alle forskarar, leiarar og andre tilsette som er involvert i vitenskapelig arbeid har naudsynt kunnskap om etisk åtferd i forskning.

Forskningsaktivitet i MiSF skal gjerast i tråd med følgande etiske retningslinjer:

- Forsking i MiSF skal vere fagleg fri og ansvarleg, samstundes som den er uavhengig og utforskande, og innanfor rammene av samfunnsoppdraget til musea
- Forskinga i MiSF skal vere sannferdig på alle nivå og i alle relasjonar. Forfalsking, plagiering eller anna manipulasjon av eins eiga eller andre si forskning skal ikkje tolererast
- Openheit kring forskingsarbeidet i MiSF – både internt og eksternt – skal sikre sterke vitenskapelige resonnement og kvalitet i alle fasar av forskninga
- Alle tilsette i MiSF skal respektere eigarskap til og anerkjenning av andre sine publiserte og *ikkje-publiserte* vitenskapelige idear, prosjektforslag og resultat brukt i eller som grunnlag for sitt eiga arbeid i museet
 - Idear, førebelse resultat og anna ikkje-publisert forskingsarbeid som vert presentert av forskaren i interne eller eksterne fora skal ikkje nyttast i formidlingssamband eller andre samanhengar før forskaren har publisert resultatata eller godkjend bruk av eins arbeid
- Alle tilsette i MiSF skal sørge for riktig bruk og sitering av vitenskapelige resultat, forskingsdata, metodar og idear, som har blitt produsert eller uttrykt både internt og eksternt.
- Alle tilsette i MiSF skal følgje gjeldande forskrifter og normer for (med)forfattarskap og institusjonell(e) tilknytning(ar) på alle vitenskapelige publikasjonar, rapportar og prosjektforslag
- Ved forskningsaktivitet i MiSF skal det leggjast vinn på å gjere informasjon og data ope tilgjengeleg for fagfellar som ynskjer å vurdere våre vitenskapelige metodar og resultat
- Forskningsresultat i MiSF skal vera av høg kvalitet, korrekt, faktabasert og skal føre til ei transparent formidling av vitkapsbasert kunnskap til media, avgjerdstakarar, fagfellar, skuler og ålmenta



**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**

Følg oss på:



[museaisognogfjordane/](https://www.facebook.com/museaisognogfjordane/)



[museaisognogfjordane/](https://www.instagram.com/museaisognogfjordane/)